

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	13.05.2005	062/05	RTO

Sakshandsamar: Tore Rikstad	Arkiv: GBNR- 28/111 Objekt:	Arkivsaknr 2005000186
-----------------------------	-----------------------------------	--------------------------

GNR 28/111-BRESSVIKA/ODDMUND KVALHEIM-SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK-OPPFØRING AV BUSTAD OG GARASJE-GODKJENNING.

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	19.04.2005	Oddmund Kvalheim; Rådg Ing MTEKNA Stein D Olsen	Gnr 28/111 - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av bustad og garasje - Bressvika

Saksutgreiing:

Oppføring av ny bustad og garasje med bruksareal (NS 3940) på ca.206 m² og bebygd areal på ca.216 m².

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Bressvika er definert som bustadområde.

Utnyttingsgraden er opplyst til å vera 27%. I følgje reguleringsføresegnene for Bressvika kan bebygd areal vera opp til 25%. Hovedmøneretningen er også vridt ca. 90° i høve til reguleringsplanen. Det går ikkje fram av søknaden eller i nabovarslinga at tiltaket krev dispensasjon.

Tiltaket skal tilknyttast offentleg vassverk og kloakken skal tilknyttast leidningsnett som er under opparbeiding i feltet.

Eine hjørna på garasjen kjem inn over eigedommen gnr. 28/59. Tilførselsveg til eigedommen som er i samsvar med reguleringsplan går også inn over gnr.28/59. Ettersom det er same eigar både av gnr.28/57 og gnr.28/111 føreset kommunen at dei privatrettslege tilhøva rund dette vert ordna.

Det ligg føre søknad om ansvarsrett og lokal godkjenning for PRO/KPR-prosjektering/kontroll av prosjektering for tiltaket utan at det ligg føre dokumentasjon på kvalifikasjonar.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 02.12.2004, vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsføresegnene og godkjent oppføring av bustadhus med garasje i medhald av plan- og bygningslova §§ 7, 66, 70, 74, 93, 93 b og 98 på følgjande vilkår:

1. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunalt vatn med avgifter. Blankett for søknad om tilknytning er lagt ved.
2. Bygningen kan plasserast slik som vist i søknaden.
3. Det må sendast inn for godkjenning søknad om ansvarsrett for PRO/KPR av tiltaket
4. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning:	Til konto:	16220 4000 1200:	
C.3.3.1	Oppføring av bygning, tiltaksklasse 1:		Kr. 3850,-.
C.3.2.B	Dispensasjon:		Kr. 3000,-.

SUM **Kr. 6850,-.**

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

5. Radøy kommune gjev **Ing. Stein Olsen** ansvarsrett i godkjenningssområda **SØK-søkjarfunksjon for tiltaket, PRO/KPR-prosjektering/kontroll av prosjektering av utstikkingsdata for tiltaket samt UTF/KUT- utstikking og kontroll av utstikking for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Br.Myking AS** ansvarsrett i godkjenningssområda **UTF/KUT for betongarbeida.**

Radøy kommune gjev **Bjørn Dale** ansvarsrett og lokal godkjenning i godkjenningssområda **UTF/KUT-graving,sprenging og planering for tiltaket.**

Radøy kommune gjev **Geir Helland** ansvarsrett i godkjenningssområda **UTF/KUT – tømmer arbeida.**

Radøy kommune gjev **Kvalheim VVS** ansvarsrett i godkjenningssområda **PRO/KPR samt UTF/KUT røyrleggjararbeida for tiltaket.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

Når punkt 3 er ordna, kan arbeida setjast i gong.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt

at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Tore Rikstad
Avdelingsingeniør

Kopi til:

Bjørn Dale	Solend Nordre	5936	MANGER
Br. Myking AS v/Roy Myking		5936	MANGER
Geir Helland	Seimshovden 24	5260	INDRE ARNA
Kvalheim VVS		5936	MANGER
Oddmund Kvalheim	Kvalheim	5937	BØVÅGEN
Rådg Ing MTEKNA Stein D Olsen	Hella	5936	MANGER